

Referat etter møte 1/14 i Fagleg Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Tid: 10.nov 2013 kl 14.30 – 17.00

Stad: Skei Hotell, Skei i Jølster

Desse møtte:

Nils Magne Gjengedal

Julie Sotnakk Aaland

Olav Svoen

Lars Indrebø

Ole B. Årdal

Erlend Aunevik

Vidar Djuvik

Erik Solheim

Rune Holen

Alf Erik Røyrvik (referent)

Ikkje møtt:

Kjell O. Hjellbrekke

Ole Gimmestad

Eli Folven (Reisemål Stryn og Nordfjord)

Sakliste:

1. Opning av møtet, godkjenning av innkalling og sakliste

Verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik opna møtet. Utvalet hadde ei kort presentasjonsrunde.

2. Forvaltar informerer om saker og forvaltning sidan førre møte

Førre møte var i november 2013. Utvalet hadde ikkje møte våren 2014. Verneområdeforvaltaren (VOF) informerte om saker og forvaltning sidan førre møtet i Fagleg Rådgjevande utval (FRU), i praksis det som har skjedd i 2014.

- Det har vore relativt få saker i 2014. Ingen store eller særleg kontroversielle saker.
- «Skiløypesaka» frå 2012 som vart klaga på, har no fått eit endeleg vedtak i Klima- og miljødepartementet (KLD). Departementet opprettheldt verneområdestyret sitt vedtak og avviste dermed klagene.
- Motorferdsel: Dei fleste behov er dekkja av fleirårige løyver. Det har dukka opp nokre enkeltsaker og hastesaker. Desse har vore kurante og blitt løyst etter kvart.
- Nokre mindre byggesaker
- To kraftsaker har vore på høyring og ligg no for konsesjonshandsaming hjå NVE; Gjengedal kraftverk og Kupekraft.

3. Tiltak i 2014

Verneområdeforvaltaren synte bilder og informerte om dei tiltaka som har blitt gjennomført i 2014:

- Parkeringsplass i Ryssdal
- Kloppar i Gjengedalen
- Buføringsveg i Traudalen
- Ferdiggjering av utedo ved Gjengedalsstøylen
- Kartlegging av kalkkrevjande vegetasjon og dessutan fugleliv i fjellet.

4. Forvaltningsplan

Utvalet hadde på førehand fått høve til å sjå gjennom høyringsinnspel og samandrag. Samandraget vart og delt ut på møtet.

Innspel frå utvalet:

Ole B. Årdal:

I forskrifta står der nemnt 2 bnr i Jølster kommune som ikkje har rettar i landskapsvernområdet og som derfor ikkje skulle stå der.

Naturvernforbundet:

- Ein bør vurdere «soneinndeling» av lvo. Det kan vere større aksept for ulike tiltak i stølsmiljø og kulturlandskap – der bruk er ein naturleg del av forvaltninga – enn i dei meir urørde delane av verneområdet.
- Tiltaksmidlane (bestillingsdialog) må først og fremst brukast til å fremje verneføremål og sikre verneverdiar, framfor tilrettelegging for brukarinteresser.
- «Skiløypesaka» var ein enkeltdispensasjon. Vedtaket i KLD endrar ikkje regelverket og bør ikkje endre praksis.
- Attgroing er nemnt som eit problem i planen. Det bør presiserast at dette gjeld stølsmiljøa og kulturlandskapet. Ein samla gjennomgang og prioritering av tiltak kunne vore nyttig.

OBÅ:

- Kritisk til soneinndeling. Regelverket må vere likt over heile verneområdet.

Nils Magne Gjengedal:

- Det må vere lik tolking av regelverket over heile verneområdet
- Grensene må vere absolutte.
- Der må vere velvilje til brukarane av området sine behov

Olav Svoen:

- I utgangspunktet ikkje mot soneinndeling, men sjølve sonene vert veldig vanskeleg å definere.
- Støttar innspel frå villreinutval og –nemnd om at villreinen må få større plass i planen og takast meir omsyn til i forvaltninga.
- Ynskjer ei streng handheving av regelverk kring motorferdsel

Lars Indrebø:

- Dei små villreinstammene må få heva status.
- Lokal forvaltning må ta naudsynt omsyn til villrein sjølv om den ikkje er ein del av verneføremålet
- Villrein har og ein tydeleg økonomisk verdi

NMG:

- Omsyn til villrein må ikkje stå i vegen for bruk av motorferdsel i samband med skadefelling av store rovdyr

LI:

- Villrein bør ikkje settast opp lokale næringsinteresser som t.d. beitenæringa

NMG:

- Det må generelt vere ei fleksibel handheving av regelverket. Forvaltninga og interessene må jobbe for å finne løysingar og ikkje konflikhtar.

Innspela frå utvalet vil verte lagt fram for styret saman med høringsinnspela når forvaltningsplanen skal opp som styresak på møtet 1. des

5. Tiltak i 2014 - tankar frå forvaltninga og innspel frå utvalet

Tiltak som forvaltninga har «på blokka» for 2015:

- Gjere ferdig buføringsvegen i Traudalen
- Stiarbeid i Gjengedalen (Urabakkane og innover mot Byrkjeneset)
- Sti frå parkeringsplassen ved Vonavatnet og inn til kloppane.
- Årleg skjøtselsarbeid

Innspel frå utvalet ang tiltak i 2015:

Olav Svoen: Behov for betre mobildekning innover i verneområdet. Ein «link» rett utanfor verneområdet kan hjelpe veldig på. Dette bør verneområdestyret saman med andre jobbe for å få til.

Ole B. Årdal: Den gamle ferdselsåra frå Årdalskupa og over mot Myklandsstøylen bør settast i stand att. Her er gamle murar etc som må reparerast.

Naturvernforbundet: Framleis kartlegging av flora og andre naturverdiar må prioriterast.

6. Innspel frå utvalet til styret og forvaltninga - runde rundt bordet.

Olav Svoen: Det er mangel på kunnskap om villrein og om villreinen sin verdi, historikk og sårbarheit i kommunestyra. Kunnskap om villrein og villreinen sin status må hevast.

7. Ymse

Ingen saker.